EIGARSKAPSMELDING – HEMSEDAL KOMMUNE DEL II

– SELSKAPER OG EIGARSKAP - 2025



Revidert 08.10.2025 – K-sak 73/2025

INNHOLD

Innhold 2
1 INNLEIING 4
2 KJENNETEIKN VED DEI JURIDISKE SELSKAPSFORMANE 4
2.1 Generelt om dei ulike juridiske selskapsformane 4
2.2 Kommunalt føretak 5
2.3 Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap 6
2.4 Vertskommunesamarbeid 6
2.5 Interkommunalt selskap (IKS) 7
2.6 Samvirkeføretak 7
2.7 Aksjeselskap – AS og ASA 8
2.8 Stiftelse 8
2.9 Andre samarbeid med eksterne aktørar 9
3 HEMSEDAL KOMMUNE SINE EIGARINTERESSER OG SAMARBEID 9
3.1 Aksjeselskap (AS) 9
3.1.1 Hemsedal Energi marked as 10
3.1.2 Hemsedal Energi eigedom AS 10
3.1.3 Vidju holding as 11
3.1.4 Vinn hallingdal as 12
3.1.5 Kommunekraft as 14
3.1.6 Hemsedalsbruket as 15
3.1.7 Husfliden Hallingdal as 15
3.1.8 Hemsedal Bioenergi as 16
3.1.9 Strupa Gravset hyttefelt As 17
3.1.10 Hemsedal aktivitetsanlegg as 18
3.2 Interkommunale selskap/ IKS 19
3.2.1 Viken kommunerevisjon IKS 19
3.2.2 Hallingdal brann- og redningsteneste IKS 20
3.2.3 Hallingdal Renovasjon IKS 22
3.2.4 Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS 23
3.2.5 Hallingdal Pedagogisk-Psykologisk- Oppfølgingstjeneste IKS 24
3.3 Vertskommunesamarbeid 25
3.4 Kommunalt oppgåvefelleskap, stiftingar m.v. 28

3.5 Interkommunalt politisk råd (Regionrådet) 28
3.6 Andre selskap, samarbeid eller foreiningar 29

1 INNLEIING

Eigarskapsmeldinga for Hemsedal kommune er meint å vere eit overordna og politisk styringsdokument som skal bidra til å gje klare og eintydige signal til selskapa frå eigar og samstundes gje rettleiing og klare signal til dei som representerer Hemsedal kommune i formelle fora som generalforsamling, og representantskap.

Eigarstyring vil også gjere tydeleg kva for ansvar, rolle og mynde politikarane har.

Eigarskapsmeldinga for Hemsedal kommune er delt i to deler, del I «Eigarskapspolitikk» som beskriv dei overordna prinsippa for kommunen si forvaltning av sine eigarposisjonar i selskap, føretak eller andre fora i medhald av kommunelova §26-1 a). Eigarskapsmelding del II (dette dokumentet), inneheld ei oversikt over kommunen sine eigarskap (selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser i, samt føremål med sine eigarinteresser jfr. kommunelova §26-1 b) og c).

Kommunane har i stor grad friheit til å organisere tenestene sine slik dei finn det hensiktsmessig. Tenestene kan organiserast som ein del av kommunen eller som sjølvstendige rettssubjekt. Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen innanfor den kommunale organisasjonen gjeld styringssystemet som følger av kommunelova. Kommunestyret har i utgangspunktet alt avgjerdsmynde, men kan delegere til underliggande organ og til administrasjonen.

Kommunen kan velje å legge delar av verksemda i eigne selskap. Når det gjerast, må styringssystema følgje den lovgjevinga som gjeld for det aktuelle rettssubjektet. Kommunestyret si styring av selskapet utførast i selskapet sitt eigarorgan. Kommunestyret har likevel det overordna ansvaret for heile kommunen si verksemd, også den som drivast av dei kommunalt eigde selskapa.

At verksemder eller tenester blir skilde ut og lagt i eigne selskap inneber derfor at vilkåra for folkevald styring og kontroll blir endra. Slik desse selskapa er organisert, skal selskapets styrande organ ha betydeleg grad av fridom til å drive verksemda. Lovfesta føresegner og vanlege normer for god selskapsstyring set grenser for kor mykje kommunane som eigar av slike selskap kan og bør involvere seg i selskapa si verksemd.

2 KJENNETEIKN VED DEI JURIDISKE SELSKAPSFORMANE

2.1 Generelt om dei ulike juridiske selskapsformane

Tilrådingane for godt eigarskap, god selskapsleiing og god kontroll av kommunale og fylkeskommunale selskap og føretak avgrensar seg til interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap (AS) og føretak etter kapittel 9 i kommunelova. Det kan likevel vere greitt å gje ei kort utgreiing for alternative organiseringsformane. Utgreiinga baserer seg på mellom anna på KS- sitt folkevaltprogram.

Politisk styring og kontroll av selskapa vert redusert dess lenger mot høgre ein er i figuren i det ein beveger seg ut av kommunen som basisorganisasjon. På same vis vert administrasjonen si mogelegheit til styring og administrativ kontroll redusert, men også tilsvarande for folkevalte si mogelegheit for politisk oppfølgjing etter kvart som ein beveger seg mot høgre i figuren.

2.2 Kommunalt føretak

Når kommunen eller fylkeskommunen ønskjer å gje ei verksemd ei litt meir sjølvstendig stilling enn det som gjeld i den tradisjonelle etatsmodellen, kan det etablerast eit kommunalt føretak etter kapittel 9 i kommunelova. Føretaket er da ikkje ei eiga juridisk eining, men ein del av kommunen eller fylkeskommunen som rettssubjekt. Kommunen er derfor part i alle avtalar og heftar derfor for dei forpliktingane føretaket har. I motsetnad til organisatorisk utskiljing av verksemder ved bruk av aksjelova og lov om interkommunale selskap, vil dei tilsette framleis ha kommunen som arbeidsgjevar i eit kommunalt føretak. Føretaket blir leia av eit styre, som er direkte utnemnd av kommunestyret. Dagleg leiar står i line under styret, som er underlagt kommunestyret.

Føretaka er på denne måten direkte underlagt budsjettmyndigheita til kommunestyret. Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmyndigheit overfor den daglege leiaren i føretaket. Det er likevel eitt unntak frå denne hovudregelen. Etter § 9-16 i kommunelova kan kommunedirektøren instruere styret og dagleg leiar om at eit vedtak i føretaket ikkje skal setjast i verk før kommunestyret har behandla saka.

Kommunedirektøren skal også ha høve til å uttale seg før styret gjer vedtak i saker som også skal behandlast av kommunestyret. Fråsegna skal leggjast fram for styret i føretaket når styret skal behandle saka. Styret sine vedtak skal sendast til kommunestyret via kommunedirektøren.

2.3 Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap

I kommunelova av 2018 vart reglane om samarbeid etter § 27 erstatta av to nye organisasjonsformer: Interkommunalt politisk råd og Kommunalt oppgåvefellesskap. Det går fram av førearbeida at avgjerda om kommunalt oppgåvefellesskap i kapittel 19 i kommunelova, kan nyttast til både enkle og mindre omfattande samarbeid, til dømes samarbeid om sekr. i Kontrollutvalet, kommuneadvokat eller liknande. Avgjerda opnar i utgangspunktet for samarbeid om å løyse alle typar oppgåver, både lovpålagde og ikkje-lovpålagde. Den enkelte lova kan likevel leggje avgrensingar på moglegheita til å samarbeide på eit område. Eit Interkommunalt politisk råd er eit politisk samarbeidsorgan. Rådet kan få myndigheit til å behandle saker som går på tvers av kommune- eller fylkesgrensene, det vil seie saker som er grenseoverskridande. Det kan til dømes vere å behandle og eventuelt gje fråsegn i høyringssaker eller å drøfte ulike regionale satsingar eller tiltak. Rådet kan ikkje produsere tenester for innbyggjarane, kommunane eller fylkeskommunane.

2.4 Vertskommunesamarbeid

Ein kommune (samarbeidskommune) kan i medhald kap. 20 i Kommunelova gjere avtale med ein annan kommune (vertskommune) om at vertskommunen skal utføre oppgåver og treffe avgjerder etter delegert mynde frå samarbeidskommunen i enkeltsaker, eller ymse saker som ikkje er av prinsipiell art. Det brukast gjerne når kommunar vil samarbeide om lovpålagte oppgåver som td. barnevern, PPT og skatt. Ein administrativ vertskommunemodell inneber at det einskilde kommunestyret gir instruks til sin kommunedirektør om delegering til kommunedirektør i vertskommunen. I praksis vil då eininga fungere som andre einingar i vertskommunen med kommunedirektør og kommunedirektør sin stab som øvste leiarar. Eit vertskommunesamarbeid kan også avtale å opprette ei felles folkevald nemnd. I motsetnad til den administrative modellen, vil ei slik nemnd også kunne gjere vedtak i saker av prinsipiell art. Kommunedirektør i vertskommunen er øvste leiar i eit administrativt verskommunesamarbeid. Felles folkevalde nemnd er øvste organ i samarbeid der slik nemnd er oppretta. For begge desse formene for samarbeid gjeld at samarbeidskommunen kan gje vertskommunen instruks om utøving av mynde i saker som berre gjeld samarbeidskommunen eller innbyggjarar der. Slik instruks vert gjeve eller delegert frå kommunestyret. Eit vertskommunesamarbeid er ikkje eit eige rettssubjekt. Føretaket er rettsleg og økonomisk ein integrert del av vertskommunen og har ikkje eige rekneskap. Vertskommunen har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette.

Dømer på dette er til eks. Hallingdal Barnevernstjeneste og Felleskontoret for kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning (KAV Hallingdal).

2.5 Interkommunalt selskap (IKS)

Eit interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskap kan berre eigast av kommunar, fylkeskommune eller andre interkommunale selskap. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for dei forpliktingane selskapet har. Det er Lov om interkommunale selskap (IKS-loven) av 29. januar 1999 nr. 6 som regulerer denne organisasjonsforma. Deltakarkommunane eller fylka utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Sjølve forvaltninga av selskapet ligg likevel hos styret og dagleg leiar. Med «forvaltninga av selskapet» meiner ein at styret skal leie verksemda i selskapet i vid forstand, inkludert at styret har ansvaret for at dei verdiane deltakarane har lagt ned i selskapet, blir brukt i samsvar med føremålet.

Eigarorganet og øvste myndigheit i selskapet er representantskapet, og eigarane skal opprette ein skriftleg selskapsavtale. Kvar enkelt deltakarkommune eller fylkeskommune skal ha minst ein representant i representantskapet. Det enkelte kommunestyret har instruksjonsrett ovafor sine medlemmar i representantskapet. Representantskapet vel også styret. Styret skal ha minst tre medlemmar og er omfatta av kravet om balansert kjønnsrepresentasjon. Dagleg leiar eller medlem av representantskapet kan ikkje vere medlem av styre. Representantskapet som eigarorgan utøver kontroll over styret på fleire måtar:

- bestemmer samansetninga av styret
- kan instruere styret og gjere om avgjerder
- kan gjennom selskapsavtalen slå fast at nærare angjevne saker må godkjennast i representantskapet

2.6 Samvirkeføretak

Kommunar kan òg delta i samvirkeforetak. Det er lov om samvirkeforetak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerer denne organisasjonsforma. Samvirkeføretak har mange trekk som liknar både på aksjeselskaps- og foreiningsforma, men skil seg like vel tydeleg frå begge desse organisasjonsformene. I motsetning til i aksjeselskapet, der eigarinteressene i prinsippet primært er knytt til avkastning av kapitalen, er eigarinteressene i samvirkeselskapet knytte til bruken av selskapet sine varer og tenester. Med sitt medlemskap har medlemmane direkte nytte av den verksemda som blir drive, og hovudføremålet er å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane.

Samvirkeføretak er eigd av medlemmane og føretaket blir forvalta av styret i tråd med vedtektene, medan dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av verksemda. Samvirkeføretak har ikkje fritt omsettelege eigarandelar. Utgangspunktet er likevel at dei som kan få sine økonomiske interesser ivaretatt av eit samvirkeføretak, har rett til å bli medlem av føretaket ved innmelding. Føretaket kan berre nekte medlemskap dersom det er sakleg grunn for det. På årsmøtet, det øvste organet i samvirket, blir avgjerder som hovudregel vedteke ut frå prinsippet om eitt medlem, éi røyst.

2.7 Aksjeselskap – AS og ASA

Aksjeselskap er regulert i aksjelova av 13. juni 1997 nr 44 (AS) og allmennaksjeloven av 13. juni 1997 nr 45 (ASA). Av formene AS og ASA gjeld AS selskap med ei avgrensa krets eigarar, og er soleis den forma som i hovudsak er aktuell for kommunar å nytte. Det kan stillast krav i vedtektene til aksjeeigar sine eigenskapar, for eksempel at selskap berre kan ha kommunale eigarar.

Eit aksjeselskap kan eigast av ein kommune eller fylkeskommune åleine, saman med andre kommunar og fylkeskommunar eller saman med private rettssubjekt. I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for dei økonomiske forpliktingane selskapet har. Det øvste eigarorganet i selskapet er generalforsamlinga. Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane den øvste myndigheita i selskapet. Her kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre vedtak i generalforsamlinga fastsetje rammer og gje nærare reglar for styret og dagleg leiar. Aksjonæravtalar nyttast ofte for å regulere forholda mellom aksjonærane. Dette gjeld td. stemmerett, fordeling av styreplassar, innsynsrett, innskot og forkjøpsrett. Det er generalforsamlinga som vel styret. Selskapet blir leia av styret og ein dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for at selskapet blir drive i samsvar med dei føremåla eigarane har, selskapsvedtektene og eventuelle instruksar frå eigaren og innanfor rammene av lovverket. Styret har også ein viktig funksjon for å sikre strategisk planlegging for selskapet. Dagleg leiar skal halde seg til dei pålegga og retningslinene som styret har gjeve. Dagleg leiar vert tilsett av styret om ikkje anna vert bestemt på generalforsamling. Tilsette har selskapet som sin arbeidsgjevar, med dagleg leiar som øvste administrative leiar. Dagleg leiar har styret og styret sin formann som sin næraste overordna.

Ein aksjonær har ulike rettar og handlefridom ut frå storleiken på eigarprosenten. Aksjelova set krav om eit visst fleirtal og ein viss eigarbrøk for å kunne treffe avgjerd og vedtak i viktige saker. Til dømes kan ein aksjonær som eig over 90 %, tvangsutløyse andre aksjonærar. For å endre vedtekter i selskapet, må ein ha minst 2/3 av stemmane (aksjane), noko som inneber at ein aksjeeigar med meir enn 1/3 av stemmene kan ha ein viss kontroll (negativt fleirtal).

2.8 Stiftelse

Kommunar kan også opprette stiftelsar. Det er lov om stiftelsar (stiftelsesloven) av 15. juni 2001 nr. 59 som regulerer denne organisasjonsforma. Ein stiftelse er eit sjølvstendig rettssubjekt som ofte blir etablert for å ivareta eit bestemt føremål. Styret i stiftelsen skal ivareta dette føremålet utan å ta omsyn til andre interesser. Er det kommunen som etablerer ein stiftelse, kan dei ikkje utøve direkte styring over verksemda til stiftelsen eller gjere krav på ein del av overskotet til stiftelsen (ta utbytte). Dei som etablerer stiftelsen, kan ikkje løyse han opp. Organisering gjennom etablering av ein stiftelse gjer verksemda heilt uavhengig av kommunen.

2.9 Andre samarbeid med eksterne aktørar

Avtalebaserte samarbeid reknast også som eigarinteresser i denne samanheng. Disse følgjer allmenne avtalerettslege regler, og ikkje noko spesielt rammeverk.

3 HEMSEDAL KOMMUNE SINE EIGARINTERESSER OG SAMARBEID

Talgrunnlag er henta frå Proff.no som til ein kvar tid syner relevant selskapsinformasjon. Ein vil sjå at ikkje alle opplysningane til ein kvar tid er oppdatert. Dette heng mellom anna saman med selskapa sine rapporteringar, og tidspunkt for endringar registrert i Brønnøysundregistra.

Det er også ein av samarbeida som er under vurdering, eller i prosess hjå eigar – det vert i desse tilfelle vist til ulikt underlag, prosjektplanar eller oppdatert info på relevante nettsider.

3.1 Aksjeselskap (AS)

Nr.	Namn	Føremål	Eigardel	Bokført verdi i kommunen si reknskap 31/12-2024	Eigarar/Andre
1	Hemsedal Energi Marked AS	Kraftomsetning - kraftforvaltning	100 %	4 325 000	Hemsedal K
2	Hemsedal Energi Eiendom AS	Forvalte eigedommens ressursar	100 %	27 310 000	Hemsedal K
3	Vidju Holding AS	Sikker, økonomisk og rasjonell og rasjonell overføring av el-kraft	17,40 %	125 464 174	Kommunene Hol, Ål, Gol, Nesbyen, Flå og Hemsedal K
4	Vinn Hallingdal AS	Arbeidsmarknadstiltak, arbeidsinkludering, opplæring, kvalifisering og endring	4 %	155 000	Kommunen Hol, Ål, Gol, Flå, Nesbyen, og Hemsedal kommune
5	Kommunekraft AS	Formidling av kraft	0,30 %	1 000	130 kommunar
6	Hemsedalsbruket AS	Forvaltning av eigedom	12,50 %	75 000	Hemsedal k, og 63 grunneigarar/ personar
7	Husfliden Hallingdal AS	Produksjon og sal av bunader, støtte og utvikle bunadstradisjonar	1,60 %	1 000	25 eigarar (ungdomslag, kommunar m.fl)
8	Hemsedal Bioenergi AS	Utvikling, utbygging og drift av energisentralar for varme/elkraft	33,30 %	4 000 000	Skistar Norge AS, Hallingdal Bio Energi AS og Hemsedal k.
9	Strupa - Gravset Hyttefelt AS	Utvikling og drift av hyttefelt	4,30 %	85 000	Hemsedal k. og eigar av gnr/bnr 54/6, 55/7 og 79/2
10	Hemsedal Aktivitetsanlegg AS	Leggje til rette, utvikle, eige og drifte nye aktivitetsarenaer	33 %	9 900	Hemsedal k., Hemsedal Idrettslag, og Hemsedal Turisttrafikklag SA
11	Vardar AS	Langsiktig verdiskapning gjennom invest. I fornybar energi verksemd innan det grøne skifte	0,40 %	1 035 220	131 eigarar (kommunar og selskap)

3.1.1 HEMSEDAL ENERGI MARKED AS

Hemsedal kommune sine mål - eigarstrategi: Økonomisk motivert eigarskap der selskapet skal sikre best mogeleg avkastning av kommunen sine kraftressursar. Det er ikkje utarbeida noko eigen eigarstrategi, emn styret jobbar med underlag for dette.	
Nøkkelinfo	
Organisasjonsnummer	925 729 507
Stiftelsesår	2020
Besøksadresse	Hemsedalsvegen 2883, 3560 Hemsedal
Telefon/ Kontaktinfo/WEB	Telefon; 31 40 88 88 Mail; per.markegard@foie.no
Føremål	Sal og forvaltning av andels- og konsesjonskraft.
Produkt	Konsesjonskraft - 34,8 GWh (ligg fast) Andelskraft – 19,4 GWh (varierer med produksjon) Etter avtale forvalta av selskapet Wattn.
Eigarar	Hemsedal kommune
Selskapsleiing	**Dagleg leiar;** Per Gunnar Markegård **Styre;** Styreleiar; Oddvar Grøthe Nestleiar; Jan Egil Halbjørhus Medlem; Mette Chatrine Krag Varamedlem; Stein Kåre Bråthen
Nøkkeltal –	Rekneskap m.m. Uttak frå proff.no

Indikatorer Beregning

LIKVIDITET — Tillfredsst. 1,27 — 2023: Tillfredsst. 1,17

LØNNSOMHET — Svak 2,2 % — 2023: Svak 4,3 %

SOLIDITET — God 19,3 % — 2023: Tillfredsst. 13 %

Kilde: Brønnøysundregistrene

Nøkkeltall

	2021-12	2022-12	2023-12	2024-12
Totalrentabilitet i % (Lønnsomhet)	-2,3	9,2	4,3	2,2
Resultat av driften i %	-1,1	2,7	2,3	0,2
Egenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-162,1	190,8	41,6	12,7
Likviditetsgrad 1	1,04	1,1	1,17	1,27
Egenkapital i % (Soliditet)	1,4	7,3	13	19,3
Gjeldsgrad	68,3	12,7	6,7	4,2
EBITDA	-816	3 779	1 522	87

3.1.2 HEMSEDAL ENERGI EIGEDOM AS

Hemsedal kommune sine mål - eigarstrategi: Langsiktig forvaltning av selskapet sine eigedommar, bygg og anlegg. Det ligg ikkje føre noko eige eigarstrategi for selskapet, men styrt i selskapet jobbar med underlag for dette.	
Nøkkelinfo	
Organisasjonsnummer	933 323 846
Stiftelsesår	2024
Besøksadresse	Hemsedalsvegen 2883, 3560 Hemsedal

Telefon/ Kontaktinfo/WEB	Telefon; 31 40 88 88 Mail; per.markegard@foie.no
Føremål	Forvaltning av selskapet sine tomter, bygningar og anna fast eigedom.
Produkt	Utleige av bygg og anlegg samt forvalte eigedommane på følgjande gnr/bnr. 56/31, 60/70, 62/192, 66/45 og 72/73
Eigarar	Hemsedal kommune
Selskapsleiing	**Dagleg leiar;** Per Gunnar Markegård **Styre;** Styreleiar; Oddvar Grøthe Nestleiar; Jan Egil Halbjørhus Medlem; Mette Chatrine Krag Varamedlem; Stein Kåre Bråthen
Nøkkeltal –	Rekneskap m.m. Uttak frå proff.no



Nøkkeltall

	2024-12
Totalrentabilitet i % (Lønnsomhet)	0,2
Resultat av driften i %	-4,9
Egenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0,2
Likviditetsgrad 1	5,66
Egenkapital i % (Soliditet)	95,5
Gjeldsgrad	0
EBITDA	477

3.1.3 VIDJU HOLDING AS

Hemsedal kommune sine mål - eigarstrategi: Strategisk og økonomisk motivert eigarskap. Det ligg ikkje føre noko eige strategidokument som underbygger kommunens ønskje med eigarskapet.	
Nøkkelinfo	
Organisasjonsnummer	925 199 052
Stiftelsesår	2020
Besøksadresse	Lienvegen 41, 3580 Geilo
Telefon/ Kontaktinfo/WEB	Telefon; 938 52 851 Mail; audun.grynning@vidju.no Web; www.vidju.no
Føremål	Vidju er et konsern med mål om å skape vekst i Hallingdal. Vidju består av 17 ulike selskap. Selskapa i Vidju byggjer og held ved like infrastruktur i heile Hallingdal. Dei leverer energi basert på fornybare ressursar. Vidju arbeider med infrastruktur som bidrar til å bringe lokalsamfunnet mot en berekraftig framtid. Med et bredt spekter av kompetanse innen mange ulike virksomhetsområder, satser Vidju på å levere produkter og tjenester som trengs for å skape vekst i Hallingdal og omegn.
Produkt tilbydd gjennom selskapet sine eigarselskap. (%-eigardel)	➢ Bruse AS – 100% ➢ Føie AS – 50 % ➢ Hallingdal Teleservice AS – 100 % ➢ Hallingkonsult AS – 100% ➢ Torpomoen Drift – 21,03%

	➢ Hallingdal Næringshage AS – 15% ➢ REN AS – 2,56 % ➢ Hallingdal Trepellets AS – 30,78% ➢ Dele Health Tech AS – 5,82 % ➢ Pratexo – 10% ➢ ATB-Nett AS – 11,11 % ➢ Flå IT Senter AS – 50% ➢ Vidju Eiendom AS – 100% ➢ Hallingdal Bio Energi AS – 100% ➢ Snøgg Fiber AS – 86% ➢ Skoll AS – 33,33% ➢ Kittilsviken Kraftverk AS – 20%
Eigarar	Hol kommune, - 24,8% Ål kommune, - 20,6% Gol kommune, - 18,2% Hemsedal kommune, - 17,4 Nesbyen kommune, - 14,0% Flå kommune, - 5%
Selskapsleiing	**Dagleg leiar;** Audun Grynning **Styre;** Styreleiar; Torleif Dalseide - Ål kommune Nestleiar; Marit Rustberggard – Gol kommune Medlem; Siw Nesfossen – Hol kommune Medlem; Oddvar Grøthe – Hemsedal kommune Medlem; Anne Marie Kollhus – Nesbyen kommune Medlem, Arne Inge Øyum - tilsetterepresentant Medlem; Tom Erik Løvsletten – Tilsetterepresentant
Nøkkeltal –	Rekneskap m.m. Uttak frå proff.



Nøkkeltall

	2020-12	2021-12	2022-12	2023-12
Totalrentabilitet i % (Lønnsomhet)	0	0,4	1,8	13,3
Resultat av driften i %	-	32,7	−23,4	−14,7
Egenkapitalens rentabilitet før skatt i %	0	0,2	0	17,5
Likviditetsgrad 1	1,78	12,35	-	1,67
Egenkapital i % (Soliditet)	81,1	72,6	66,3	65,5
Gjeldsgrad	0,2	0,4	0,5	0,5
EBITDA	0	1 702	−1 290	−896

3.1.4 VINN HALLINGDAL AS

Hemsedal kommune sine mål - eigarstrategi: Målsetnaden følgjer selskapets sine føremål. Kommunestyret har ikkje vedteke eigen eigarstrategi for selskapet.	
Nøkkelinfo	
Organisasjonsnummer	960629779
Stiftelsesår	1991

Besøksadresse	Klemmavegen 8, 3550 Gol
Telefon/ Kontaktinfo/WEB	Telefon; 32 07 56 00 Mail; post@vinn-hallingdal.no Web; www.vinn-hallingdal.no
Føremål	Vinn er ein arbeid- og inkluderingsverksemd som har som føremål å leggje til rette for aktiv arbeidsdeltaking. Selskapet samarbeider med friviljuge, ideelle, private og offentlege aktørar.
Produkt – nærmare greie ut på nettsida til selskapet	Arbeidsforbetrande trening – tilbod om tilrettelagt arbeidsmiljø for deg med nedsett arbeidsevne. Avklaring – hjelp til å kartlegge og prøve ut arbeidsevne Oppfølgjing – rettleiing, råd og bistand med jobbsøking, karriererettleiing, opplæring i sosiale og arbeidsrelaterte ferdigheitar i arbeidsliv Ekspertbistand – hjelp til arbeidsgjevar og arbeidstakar frå nøytral ekspert på sjukefråvær og arbeidsmiljø. Varig tilrettelagt arbeid for uføretrygda Innovasjon og utvikling – utvikle modellar for arbeidsinkludering. Vinn har eit datterselskap (Vinn Hallingdal Arbeid og inkludering AS) som leverer varig tilrettelagt arbeid (VTA) og arbeidsforbetrande trening (AFT) på oppdrag for Nav. Vinn er ein del av Kopano, ein landsdekkande kjede av Noregs leiande arbeids- og inkluderingsverksemder.
Eigarar	Hol kommune, - 28 % Gol kommune, - 28% Ål kommune, - 24% Nesbyen kommune, - 12% Flå kommune, - 4% Hemsedal kommune, - 4%
Selskapsleiing	**Dagleg leiar;** Kristin Bødtker Walstad **Styre;** Styreleiar; Geir Olav Garthus Nestleiar; Sissel Urke Medlem; Randi Frellumstad Medlem; Trond Arne Johansen Medlem; Ellen Asseline Jacobsen Varamedlem; Norunn Rivedal Varamedlem; Sølvi Waag
Nøkkeltal –	Rekneskap m.m. Uttak frå proff.

Indikatorer Beregning

LIKVIDITET
Meget god 3,08
2023: Meget god 5,46

LØNNSOMHET
Svak 1,9 %
2023: Svak 3,6 %

SOLIDITET
Meget god 58,3 %
2023: Meget god 52,9 %

Kilde: Brønnøysundregistrene

Nøkkeltall

	2020-12	2021-12	2022-12	2023-12	2024-12
Totalrentabilitet i % (Lønnsomhet)	8,7	3,8	1,3	3,6	1,9
Resultat av driften i %	9,3	3,4	1,9	7	2,8
Egenkapitalens rentabilitet før skatt i %	12,7	5,5	0	3,1	-0,1
Likviditetsgrad 1	4,2	3,58	4,37	5,46	3,08
Egenkapital i % (Soliditet)	61,6	61,6	50,9	52,9	58,3
Gjeldsgrad	0,6	0,6	1	0,9	0,7
EBITDA	2 852	2 031	1 058	1 590	1 106

3.1.5 KOMMUNEKRAFT AS

Hemsedal kommune sine mål - eigarstrategi: Bakgrunnen for kommunalt eigarskap er strategisk for å støtte opp under eit miljø der kommunen kan få råd og rettleiing knytt til konsesjons- og kraftrelaterte spørsmål. Det ligg ikkje føre eigen eigarstrategi for kommunen sitt eigarskap i selskapet.	
Nøkkelinfo	
Organisasjonsnummer	866 818 452
Stiftelsesår	1993
Besøksadresse	Akersgata 30, 0158 Oslo
Telefon/ Kontaktinfo/WEB	Telefon; 991 19 900 Mail; hh@luncogco.no Web; www.kommunekraft.no
Føremål	Kommunekraft AS har som formål å formidle kraft på vegne av aksjonærkommunane til best moglege kommersielle føresetnadar i marknaden, samt drive anna verksemd knytt til slik forvaltning. Bakgrunnen for opprettinga av selskapet var at kommunane og fylkeskommunane såg det nødvendig å få etablert eit miljø kor kommunane og fylkeskommunen kan innhente råd og rettleiing. Selskapet skal sitte att med mest mogeleg av inntektene frå sal – selskapet har difor ikkje eit mål om høgast mogeleg overskot for eigen del.
Produkt	Formidlar kraftsal på vegne av aksjonærkommunane – og yter rådgjeving i konsesjonsfaglege spørsmål.
Eigarar	Kommunekraft AS vert eig av 127 kommunar og 7 fylkeskommunar og av Landssamanslutninga av vassdragskommunar (LVK). Aksjekapital på kr. 320 000 fordelt på 320 aksjar.
Selskapsleiing	**Dagleg leiar;** Caroline Lund – vert ivareteke av LVK's sekretæriat. **Styre;** Styreleiar; Kjell Idar Juvik Medlem; Toralf Heimdal Medlem; Ivar Kvalen Medlem; Hege Eide Vik Medlem; Kari Anita Furunes
Nøkkeltal –	Rekneskap m.m. Uttak frå proff.no

Indikatorer Beregning

LIKVIDITET: Meget god 2,48 — 2023: Meget god 2,99

LØNNSOMHET: Ikke tilfredsst. -8 % — 2023: Svak 3,7 %

SOLIDITET: Meget god 60,6 % — 2023: Meget god 67,7 %

Kilde: Brønnøysundregistrene

Nøkkeltall

	2020-12	2021-12	2022-12	2023-12	2024-12
Totalrentabilitet i % (Lønnsomhet)	-12	-37	6	3,7	-8
Resultat av driften i %	-17,8	-33,2	3,8	2,3	-7
Egenkapitalens rentabilitet før skatt i %	-14,6	-46,9	7,1	4,8	-12,8
Likviditetsgrad 1	4,7	4,37	11,98	2,99	2,48
Egenkapital i % (Soliditet)	78,7	79,1	92,3	67,7	60,6
Gjeldsgrad	0,3	0,3	0,1	0,5	0,6
EBITDA	-279	-744	118	87	-146

3.1.6 HEMSEDALSBRUKET AS

Hemsedal kommune sine mål - eigarstrategi:
Økonomisk motivert eigarskap. Historisk har kommunen som eigar av kommuneskogen hatt eigarskap i selskapet.
Det er ikkje utarbeida noko eige vedteke eigarstrategi.

Nøkkelinfo	
Organisasjonsnummer	868 957 832
Stiftelsesår	1994
Besøksadresse	Svøovegen 15, 3560 Hemsedal
Telefon/ Kontaktinfo/WEB	Telefon; 412 86 790 Adresse Joleim Store, 3560 Hemsedal
Føremål	Utleige av lokale, drift av trelastverksemd og andre aktivitetar som har ein naturleg grenser til dette til eks. sal av byggevarer m.m.
Produkt	Utleie av næringsareal, næringslokaler, og lagerplass.
Eigarar	64 eigarar, der Hemsedal kommune eig 12,5% av selskapet.
Selskapsleiing	**Dagleg leiar;** Aslak Jordheim **Styre;** Styreleiar; Aslak Jordheim Nestleiar; Anders Hølto Medlem; Kjell Olav Grøndalen Varamedlem; Anders Viljugrein Varamedlem; Gunnar Lirhus Varamedlem; Magne Thorset
Nøkkeltal –	Rekneskap m.m. Uttak frå proff.no

Indikatorer Beregning

LIKVIDITET — Tillfredsst. 1,45 — 2023: God 1,96

LØNNSOMHET — Meget god 32,6 % — 2023: Meget god 22,9 %

SOLIDITET — Meget god 61,1 % — 2023: Meget god 77,2 %

Kilde: Brønnøysundregistrene

Nøkkeltall

	2020-12	2021-12	2022-12	2023-12	2024-12
Totalrentabilitet i % (Lønnsomhet)	15,1	21,4	19,5	22,9	32,6
Resultat av driften i %	40,3	58,3	45,4	50,4	65,2
Egenkapitalens rentabilitet før skatt i %	21,2	30,9	27,2	30,7	47,6
Likviditetsgrad 1	1,2	1,74	1,65	1,96	1,45
Egenkapital i % (Soliditet)	67,4	71,3	72,2	77,2	61,1
Gjeldsgrad	0,5	0,4	0,4	0,3	0,6
EBITDA	309	440	405	453	661

3.1.7 HUSFLIDEN HALLINGDAL AS

Hemsedal kommune sine mål - eigarstrategi:
Mål om å fremje lokal kultur og eigenart. Det ligg ikkje føre eigen vedteke eigarstrategi.

Nøkkelinfo	
Organisasjonsnummer	812 274 082
Stiftelsesår	1936
Besøksadresse	Sentrumsvegen 120, 3550 Gol
Telefon/ Kontaktinfo/WEB	Telefon; 32 07 40 60 Web; www.norskflid.no

Føremål	Mål om å fremje lokal kultur og eigenart. Husflidslaget vert ein møteplass for folk som kjem saman for å dele kunnskap, lære og lage husflidsprodukt.
Produkt	Faglege nettverk, kurs og aktivitetar.
Eigarar	25 eigarar, kommune, lag, og privatpersonar, der Hemsedal kommune har ein liten del på 1,639 %.
Selskapsleiing	**Dagleg leiar;** Anita Knaldre **Styre;** Styreleiar; Marianne Jøtun Fauske Medlem; Torgunn Grøndalen Huso Medlem; Anne Marit Hov Medlem; Dagny Synnøve Risdal Liahagen Medlem; Ingrid Marie Espedokken Medlem; Liv Torun Gullstein Torpe
Nøkkeltal –	Rekneskap m.m. Uttak frå proff.no

Nøkkeltall

	2020-12	2021-12	2022-12	2023-12	2024-12
Totalrentabilitet i % (Lønnsomhet)	15,1	6,5	10,4	4,9	6,9
Resultat av driften i %	13,6	6,1	9	3,2	5,5
Egenkapitalens rentabilitet før skatt i %	18,5	7,8	12,6	5,8	8,2
Likviditetsgrad 1	5,36	5,19	5,23	5,74	6,08
Egenkapital i % (Soliditet)	81,6	81,9	81,9	83,7	84,6
Gjeldsgrad	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2
EBITDA	1 182	552	923	345	560

3.1.8 HEMSEDAL BIOENERGI AS

Hemsedal kommune sine mål - eigarstrategi: Kommunen ønskja å bidra til det grøne skifte og følgje opp intensjon for utvikling av det alpine «kjerneområde» samt føresetnader i kommuneplan/ vedtekne reguleringsplanar for området. Kommunal deltakinga var såleis mest samfunnsøkonomisk motivert. Det ligg ikkje føre eigen vedteke eigarstrategi for selskapet.	
Nøkkelinfo	
Organisasjonsnummer	993 016 632
Stiftelsesår	2008
Besøksadresse	Skiheisvegen 65, 3560 Hemsedal
Telefon/ Kontaktinfo/WEB	Telefon; 31 40 88 88 Postadr. c/o Nueva Finance AS Årbogveien 100, 3515 Hønefoss
Føremål	Utvikling, utbygging og drift av energisentral for produksjon av elkraft og/eller varme, varmenett, gassnett samt tilhøyrande verksemder. Selskapet kan og kjøpe aksjar, eller på anna måte delta i andre verksemder.
Produkt	Produksjon og sal av kraft for deler av det alpine kjerneområdet primært basert på pelletsfyring, og fjernvarme.
Eigarar	Skistar Norge AS, - 33,33 % Hallingdal Bio Energi AS, - 33,33% Hemsedal kommune, - 33,33%

Selskapsleiing	**Dagleg leiar;** Kjetil Brochmann **Styre;** Styreleiar; Andreas Smith- Erichsen Medlem; Hege Austheim Jacobsen Medlem; Audun Grynning
Nøkkeltal –	Rekneskap m.m. Uttak frå proff.no

Indikatorer Beregning

LIKVIDITET God 2 2023: Tillfredsst. 1,04

LØNNSOMHET Ikke tilfredsst. 0,1 % 2023: Ikke tilfredsst. −0,6 %

SOLIDITET God 22,3 % 2023: God 26,1 %

Kilde: Brønnøysundregistrene

Nøkkeltall

	2020-12	2021-12	2022-12	2023-12	2024-12
Totalrentabilitet i % (Lønnsomhet)	−1,5	−5,9	−4,8	−0,6	0,1
Resultat av driften i %	−5,7	−26,3	−29,9	−3,1	−0,2
Egenkapitalens rentabilitet før skatt i %	33	46,6	−56,7	−15,2	−20
